

HØRE BARNEHAGE

Barnehageåret 2023 - 2024

Trygg tilknytning for dei på Tommeliten (1-3 år)

Turist i eigen kommune for dei på Askeladden (3-6 år)

Hørevegen 270, 2973 Ryfoss
E-post styrer: heidi.lynge.kvale@vang.kommune.no
Tlf: 90580529

«Vi legg
grunnlaget for
framtida»

Velkomne til eit nytt barnehageår

Hjarteleg velkomne til eit nytt barnehageår 😊

Det er som alltid ei glede å kunne presenterer årsplanen for Høre barnehage 2023-2024.

I dette dokumentet vil du kunne finne svar på det aller meste du lurar på om barnehagen vår.

Årsplanen er eit nøkkeldokument i barnehagedrifta, og inneheld viktig informasjon om retningslinjer, praktisk informasjon, fagleg fordjupingsområde og kva, korleis og kvifor barnehagen praktiserer som den gjer.

Høre Barnehage flytta hit frå Ryfoss i november 2016, etter ein intensiv planleggingsprosess i samarbeid med den dåverande foreldregruppa. Me starta prosessen våren 2016, og etter nokre små renovasjonar og endringar var bygget klar til barnehagedrift. I løpet av ei helg flytta tilsette og føresette barnehagen hit, og det var klart for ein ny start som Høre barnehage måndag morgon.

Me er svært stolte av den plassen me har vore med å skape, og meiner sjølv me har fått ein god og romsleg plass å vere for både stor og liten.

Barnehagen består av to avdelingar: Tommeliten med barn frå 1-3 år og Askeladden med barn frå 3-6 år. Me har eit tett samarbeid mellom dei to avdelingane og er ofte felles i feriar, om morgonen og om ettermiddagen, noko som resulterer i at alle kjenner alle og både barn og tilsette kan "flyte" mellom dei to avdelingane. Me ser dei ulike behova frå dag til dag i forhold til både bemanning, interesser og utviklingstrinn til barna og justerer deretter.

Ynskje vårt for Høre barnehage, er at det skal vere ein plass der både barn, føresette, tilsette og samarbeidspartnarar føler seg velkomne og inkludert i barnehagedrifta. For å få til dette, ynskjer me alle innspel hjarteleg velkomne uansett om det er konstruktiv kritikk, positive tilbakemeldingar eller innspel til den pedagogiske verksemda.

Med alt dette sagt, vil eg ynskje alle eit godt og læringsrikt barnehageår.

Med vennleg helsing

Heidi Kvale, Styrar.

Innhald

Kva er ein årsplan og kva skal den innehalde?.....	5
Våre verdjar.....	6
Tema Tommeliten 2023-2024	6
Tema Askeladden 2023-2024.....	9
Livet på avdelingane.....	10
Utviklingsarbeid «Inkludering»	11
Tilsette i barnehagen	12
Visma Flyt Barnehage – barnehageadministrativt system for alle Valdresbarnehagane	13
Gebursdagar gjennom 2023-2024	14
Tradisjonar i barnehagen vår.....	14
Mat i barnehagen	16
Årshjul, barns trivsel:.....	18
Tidlig innsats.....	18
Foreldresamarbeid.....	19
Samarbeidsutval:	19
Foreldreråd:	19
Tilvenning og overgangar.....	20
Barns medverknad i det pedagogiske arbeid	22
Medverknad:	22
Medråderett:	22
Sjølvråderett:	22
Progresjonsplan for barnehagen.....	23
Kommunikasjon, språk og tekst	24
Kropp, rørsle, mat og helse.....	25

Kunst, kultur og kreativitet	26
Natur, miljø og teknologi	27
Mengde, rom og form	28
Etikk, religion og filosofi – Smart oppvekst	29
Nærmiljø og samfunn	30
Omsorg, leik, læring og danning	31
Omsorg:	31
Leik:	31
Læring:	31
Danning:	31
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	32
Planlegging:	32
Dokumentasjon:	32
Vurdering:	33
Våre samarbeidspartnere i barnehagen	34
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	34
Barneverntenesta i Vang og Vestre Slidre kommune	34
BUP Valdres	36
Innsatsteam	36
Ferie og planleggingsdagar	37
Ferie:	37
Planleggingsdagar:	37
Retningslinjer ved sykdom	38
Praktisk informasjon	39

Kva er ein årsplan og kva skal den innehalde?

«Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjera. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg komme fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen (udir, 2017)».

Barnehagen jobbar etter Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen, Barnekonvensjonen, Vang kommune sine vedtekter, og Vang kommune sin handlingsplan. Barnehagen er ein del av utdanningssystemet, og har dei siste årane fått eit mykje klarare samfunnsmandat, der det setjast større krav til barnehagens pedagogiske innhald og kompetansekrav til dei tilsette. Samfunnet er i stadig endring og utvikling, og det er difor viktig at barnehagen og årsplanen fylgjer med i utviklinga og vert dynamisk.

Me i Høre barnehage liker å jobbe med opne planar, slik me kan fylgje barnas interesser og bruke den tida me treng på våre ulike pedagogiske opplegg. Årsplanen utarbeidast av personalet og behandlast av barnehagen sitt samarbeidsutval (SU). Barnehagen sine planar må sjåast i samanheng med kommunal planlegging av barnehagesektoren og av barnas oppvekstmiljø.

Årsplanen meina me viser det me i barnehagen står for, og kva me vil vektlegge dette barnehageåret ☺

I år har me valt eit todelt tema “Turist i eigen kommune” på Askeladden, og «Trygg tilknytning» på Tommeliten. Me fortsett med «Inkludering» som utviklingsarbeid. Grunnen til at me har valt å halde fram med «Turist i eigen kommune» på Askeladden, er at me ikkje følte me vart ferdig med tema i fjor, og framleis har ein del opplegg og aktivitetar me ynskjer å gjennomføre. Tommeliten har valt «Trygg tilknytning» som tema, då avdelinga vil ta imot 12 nye barn i løpet av barnehageåret. Det viktigaste for barna i oppstartsfasen er at dei blir trygge på barnehageområdet og på personalet, for i det heile å ha moglegheit for utvikling.

Begge tema ynskjer me å knytte opp mot barnehagen sitt utviklingsarbeid «Inkludering» som de kan lese meir om lengre nede i årsplanen.

Våre verdjar

RESPEKT

Mål: At alle vert respektert for den dei er.

Strategi: Lytte, vente på tur, helse, sjå kvar enkelt, være raus og anerkjennande, medverking, toleranse, mangfald og lojalitet.

Indikator på måloppnåing: stolte og styrka gruppe, positivt arbeidsmiljø og ein god kvardag i barnehagen.

OMSORG

Mål: At alle vert sett og at alle opplever omsorg.

Strategi: Ta kontakt, vise at ein bryr seg, empati og dele gleder og opplevingar i lag.

Indikator på måloppnåing: At me er gode samtalepartnarar, at ein tørr å opne seg og være seg sjølv.

HUMOR

Mål: Snu det negative til det positive, og generelt sjå etter det positive. Ha glede i kvardagen!

Strategi: Dele gleder, være opne for nye ting og innspell, glede seg på andre sine vegner, men likevel ha lov til å være menneske.

Indikator på måloppnåing: «gnistrende auger og breie munnar».

SAMARBEID

Mål: Syne evne og vilje til å samarbeide til det beste for eit godt oppvekst og arbeidsmiljø.

Strategi: Unngå konflikthar og fokusere på løysingar i staden for problem.


Indikator på måloppnåing: At me er fleksible og taklar endringar og at me finn gode løysingar saman på arbeidsplassen.

LÆRINGSGLEDE

Mål: Styrka fagleg kompetanse og glede over kvardagen.

Strategi: Opent for å «prøve og feile», styrke kvarandre og sjå kunnskapen hjå kvarandre – og nytte den!

Indikator på måloppnåing: Engasjerte, kreative, ansvarsbevisste og trygge vaksne.



Tema Tommeliten 2023-2024

«Trygg Tilknyting og dei fyrste åra i barnehagen»

«Barnets hjerne er ei lampe, tilknyting er at kontakta settast i» - Daniel J. Siegel, amerikansk barnepsykiater

Det finns to grunnleggjande behov hjå kvart menneskebarn. Behovet for beskyttelse og omsorg, og behovet for å undersøkje å meistre verda. Begge er grunnlaget for tryggheit og livsglede. Det fyrste mange tenkjer på ved tilknyting, er at barna kjenner nærheit og tryggheit ovanfor dei vaksne rundt seg, som når eit barn du er glad i sitt i fanget og lenar seg godt inntil deg. Dette er også ei vesentleg side ved tilknytinga, men tilknyting er meir enn tryggheit og gode kjensler. Det handlar også om å hjelpe barna med vanskelege kjensler og støtte dei i utforsking og leik.

Barn søker tryggheit, og for eit lite barn kjem tryggheit framfor alt. Barnet kjem til verda med eit innebygd og automatisk «program» for å søke tryggheit og beskyttelse. Tilknyting er den medfødde evna til å søke og halde seg i nærheita av ein eller nokon få vaksne, og på den måten sikre sin eigen tryggheit og overleving. Nærheit til trygge vaksne er heilt avgjerande også for barns psykologiske utvikling. Det er gjennom nære relasjonar til omsorgspersonar at barnet utviklar seg psykologisk sett, og får ein oppleving av seg sjølv som eit sosialt individ. Forsking har vist oss at barnets følelsmessige og sosiale evner utviklast nettopp ved at barnet får knytte seg til stabile vaksne som reagerar sensitivt på barnets behov. Det er dette me omtalar som «sosoemosjonell utvikling». Tilknytningsrelasjonane tidleg i livet er på ein måte barnets grunnopplæring i «kven er eg, kva verdi har eg og korleis kan eg vere saman med andre».

Alle barn er også født med eit anna grunnleggande behov, nemleg behovet for å utforske og meistre omgivelsane. Det at barnet kan utforske togbanen på golvet, men samtidig forsikre seg om at ein trygg vaksen fortsatt er innan rekkevidde er vesentleg. Det er dei to behova som går i kvar sin retning, men likevel heng tett saman. Tilknyting: barnets avhengigheit og behov for beskytting og omsorg. Og utforsking: barnets sjølvstendigheit og behov for å undersøke og meistre verda. Behova er avhengig av kvarandre, og for å kunne utforske må barn kjenne seg trygge og under beskytting. Dei treng ein viss ro inni seg for å klare å vere nysgjerrig på verda, og på den andre sida, mens barnet utforskar verda, så kan dei bli både redde, sinte og trøytte. Då trer behovet for nærheit og tilknyting fram att. På denne måten er både tilknytningsbehovet og utforskingsbehovet avhengig av kvarandre, og begge er grunnleggande for tryggheit og livsglede.

For å få lys i lampa. Når barnet opplever at den vaksne ser, forstår og gleder seg over det, føler barnet seg vel og blir glad. Eller som nemnt i overskrifta, «kontakta settes i, og lampa tennes». Med ein trygg og omsorgsfull vaksen ved sin side, vaknar barnet og startar på sin langsame erobring av verda. Dei fyrste tre åra av barnets liv står den emosjonelle utviklinga øvst på lista. Det dreier seg om å bli kjend med og handtere kjensler, utvikle evna til å erfare, tole og

uttrykke både positive og negative kjensler. Å kunne gjenkjenne og skille mellom ulike følelsar både hos seg sjølv og andre er sjølve grunnlaget for å kunne vere saman med andre, og er ein vesentleg dimensjon innanfor psykisk helse.


Difor sett me viktigheita av trygge, tilstedeværande vaksne høgt på lista i barnehagen hjå oss. Dette gjer me ved at me er til stades på golvet med ungane i leik, tek deira signal og støttar dei i kvardagen. Tryggheit handlar om forutsigbarheit, og at barna opplever stabilitet når det gjeld vaksenkontakt og miljøet på avdelinga. Me jobbar mykje med å være tydelege og ha klare grenser og gode overgangar. Gjennom ein barnehagekvardag er det viktig med rutinar og gjentaking, slik at barna føler noko kjend med kvardagen og at rutineane er ei støtte for dei for å føle seg trygge. Me ringer i bjølla når me skal rydde leiker, me samlast på badet for felles bleieskift eller på teppet for samlingsstund, me et ilag og me har gode rutinar på måltida og sovestund i barnehagen. Gjennom pedagogiske opplegg og kvardagen generelt ynskjer me å skape meistringsfølelse og læringsglede. Det å meistre den bratte bakken ute, vere med å synge på ein song, reise seg opp til ei leike på hylla eller smøre på eigen brødskive er augneblick som skapar læringsglede ilag med andre barn og vaksne, og at kvar og ein føler seg som ein del av tilknytingsprosessen som skjer på Tommeliten dette barnehageåret, og tida framover.





Tema Askeladden 2023-2024

«Turist i eigen kommune»



Det å vere turist er både spanande og lærerikt, ved at ein blir kjend med det ein plass, ei bygd eller ei kommune tilbyr av opplevingar, kultur, natur og det som høyrer med. Dette barnehageåret ynskjer me på Askeladden å bli endå meir kjend med det Vang Kommune har å tilby, då me føler at me ikkje kom innom alt førre barnehageår.

Me må ta utgangspunkt i dei 7 fagområda i Rammeplanen, og derunder det fokuset me ynskjer å ha med tanke på tradisjonar, nærmiljø, mat, dialekt og det å leve i Vang både før og no. Med desse tema vil me knytt inn både Smart Oppvekst og det å skape robuste barn, ha fokus på respekt, lære endå meir om språk og språkbruk og nytte barns medverknad.

For å halde den raude tråden gjennom desse tema vil me nytte kunnskapen og erfaringa personalgruppa sitt inne med, søke ny kunnskap ved å nytte lokalt bibliotek/kjentmenn, besøke nærmiljøet og invitere kunnskap inn i barnehagen.

Å vere ein turist er ein som utforskar og «reiser» for fornøyselsens sin skuld, og me ynskjer å skape læringsglede og meistring hjå barna innanfor dei tema som er nemnt over, ved at me på Askeladden også har fokus på det som er vidareført frå Tommeliten med tanke på trygg tilknytning. Det å føle seg trygg, men også å utforske. Me må ha nokre rammer for tema «turist i eigen kommune», ved at barna likevel føler seg trygge i arbeidet med å utforske å det å få lov til å vere nysgjerrige, men også vite at Askeladden er den trygge basen.

Livet på avdelingane

Tommeliten: På Tommeliten opplever barna ein forutsigbar kvardag i trygge omgiversar som byr på rike moglegheiter til å vere med og skaffe seg kunnskap om livet og verda. Dette kan dei gjera på eigen hand, saman med jevnaldrende eller saman med vaksne som vil dele fokus i eit fysisk miljø som stimulera fleire sansar. Dei yngste barna i barnehagen treng gjentakelse og gjenkjennelse, men har og behov for å bli overraska og forundra. Vennskap og gode relasjonar er ein forutsetning for god læring og oppleving av glede og mestring. Leiken står i høgsete. Omsorgssituasjonar som måltid, stell, kvile og påkledning er viktige deler av dagen. Her oppstår mange fine ein – til – ein situasjonar som er verdifulle å ta vare på. Det er i slike situasjonar me kan satse bevisst på å gi barnet ein ”overdose” av kvalitetssamspel med ein vaksen heilt for seg sjølv. Vår oppgåve som vaksne er å vere der det skjer, som medspelar der me er opptatt av å undre oss, glede oss og gi barna det grunnlaget dei treng når dei skal gå vidare. Me kan tilby mykje nærheit, omsorg og eit ledig fang. Barns behov for kvile og avslapping er individuelt tilpassa.

Askeladden: På Askeladden har me fokus på samhald og fellesskap, og set inkludering høgt. Me vil at alle skal erfare at dei er betydningsfulle for fellesskapet, og me vil leggje til rette for god utvikling av vennskap og sosialt samspel der alle er inkluderte. Når det gjeld tema har me eit overordna tema gjennom året, men me planlegg ikkje meir enn at me kan ta tak i barns interesse der og då, og spele vidare på dette. Avdelinga består av to store rom, men me har god plass å boltre oss på, då me kan benytte oss av andre rom på huset, som gymsal, førskulerom, aktivitetsrom og sanserom. Me har og eit stort uteareal me har stor glede av og ulike turplassar i nærområdet. Me har dagar der me delar oss i to grupper: Førskuleklubben (2018) og Regnbueklubben (2019 & 2020), og dagar der me er felles. Noko av det regnbueklubben vil ha fokus på er språkstimulering, leik, matlaging, fellesskap og teaterbarnehage. Førskuleklubben vil ha opplegg som skrivedans, vasstilvenning, skulebesøk og sjølvstekt ein dag med eigen førskuleklubb. Her brukar me ei bok som heiter «Trampoline», og denne vil fylgje oss gjennom året, og vere eit utgangspunkt til ulike temaer me skal møte på skulen. Førskuleklubben skal vere artig, spanande, gje inspirasjon til skulestart og den skal vere bittelitt alvorlig.

Barnehagens dags rytme og opningstid

07.15 – Barnehagen opnar, frukost for dei som treng det fram til kl. 08.30

09.00 – 11.00 – Aktiviteter inne/ute

11.00 – 12.00 – Lunsj

12.00 – 14.00 – Soving/aktiviteter

14.00 – 14.30 – Frukt

14.30 – 16.45 – Aktiviteter inne/ute

16.45 – Barnehagen stenger

Velkomne til nytt barnehageår!

Med vennleg helsing

Personalet på Tommeliten og Askeladden



Utviklingsarbeid «Inkludering»



Sammenfatning av SWOT-analyse våren 2023:

«Vi arbeider kontinuerleg med å utvikle ein praksis som ivaretar «barnets stemme» uavhengig av uttrykksform og kognitive føresetnader.»

STYRKAR: Kva styrkar ser me per dags dato?

- Tilsette ser kvart enkelt individ og legg til rette uansett alder
- Er kjend med behova til barna gjennom kroppsspråk og språk
- Me skaper tryggleik i ulike situasjonar
- Me har gode rutinar og fleksibilitet
- Gode relasjonar, tilgjengelege og engasjerte vaksne
- Godt kollegialt samarbeid
- Bra med ressursar
- Barna får medverke og blir anerkjent
- Sterk fagkunnskap, og evnar å søkje ny kunnskap
- God økonomi

MOGLEGHEITER: Kva moglegheiter ser me for framtida?

- Styrke fellesskapet
- Forventningsavklaring
- Kompetanseheving
- Veiledning frå eksterne instansar
- Ansette spesialpedagog i kvar barnehage
- Økt grunnbemanning

SVAKHEITER: Kva svakheiter ser me per dags dato?

- Når det er fråvær i personalet
- Manglar spesialpedagog
- For stramt program gjennom veka og organisatoriske rammer
- Stor spreing i utviklinga til barna innafor same alderstrinn
- Grensesetjing
- At nokon tilsette ikkje kjenner alle barna godt nok.
- Ulike perspektiv i personalgruppa.

TRUSLAR: Kva truslar kan me førestilla oss kan oppstå?

- For lite bemanning og dårleg rekruttering
- For lite tid
- Dårlig leiing
- Konflikter og usemjer
- Nye tilsette som skal inkluderer
- Barnehagen er ikkje universelt utforma
- Manglande engasjement og fagleg kunnskap
- Uskrevne reglar
- Språkbarrierar og dårleg kommunikasjon.

TILTAK BARNEHAGEN SKAL IVERKSETTE:

- For stramt program gjennom veka og organisatoriske rammer → Barnehagen skal jobbe med aksjonsforskning for å sjå på andre løysingar.
- Grensesetjing → Barnehagen ynskjer rettleiing frå PPT, andre samarbeidspartnarar og eit tett samarbeid med føresette
- Ulike perspektiv i personalgruppa → Barnehagen skal jobbe med forventningsavklaring i personalgruppa og i foreldremøter.
- Gjennomføre barnesamtalar, evaluere pedagogiske opplegg i lag med barna og tolke kroppsspråk og signaler dei sender.

Tilsette i barnehagen

2023-2024

Tommeliten:

Anette Tvenge
Pedagogisk leiar 100%

Grethe Svanheld Strand
Pedagogisk leiar 100%

Oda R. Tveit
Barnehagelærer 60%

Kine K. Hermundstad
Fagarbeidar 60%

Liv Lien
Fagarbeidar 100%

Maria Heen
Assistent 100%



Askeladden:

Patty van den Berg
Pedagogisk leiar 80%

Randi Gardshaug
Pedagogisk leiar 100%

Bjørg Astrid Leithe
Fagarbeidar 60%

Eskil Remmen
Fagarbeidar 100%

Lene Rogn Lokreim
Assistent 100%

Claudia M. Grobe
Assistent 80%

Heidi Lynge Kvale
Styrar 100%



Visma Flyt Barnehage – barnehageadministrativt system for alle Valdresbarnehagane

Som foresatt lastar du ned Min Barnehage Foresatt-appen fra Google Play (Android) eller App Store (iPhone). Første gangen du loggar inn må du logge på med ID-porten, velge din kommune og opprette ein personlig pin-kode.

Det er viktig at du som foresatt lastar ned appen og logger inn før barnehagestart for å sikre at kontaktinformasjon og samtykker er oppdatert.

Hovudfunksjonane i Min Barnehage Foresatt-appen:

- ❖ Motta og sende meldingar med barnehagen
- ❖ Melde fravær til barnehagen
- ❖ Dagbok som seier noko om barnet sin barnehagekvardag, i form av tekst og bildedeling
- ❖ Gje eller avslå samtykker
- ❖ Kalenderfunksjon og månedsevaluering

Det er viktig at du som foresatt registrerar fravær under funksjonen. Om du ynskjer å utdjupe fraværet må du ta kontakt med barnehagen via melding i app eller ringe avdeling/barnehagen.

Vi oppfordrar alle til å ha på varsling slik at du som foresatt får med deg beskjedar og informasjon vedrørende ditt barn.

Link til brukerveiledning for foresatte i Min Barnehage Foresatt-app:

https://docs.google.com/document/d/1_3iFh2Olz7bAd7wZcS4Sn-igCt45uu1OIUDx28fQN-k/edit

Link til Visma sin informasjonsside for foresatte:

<https://www.visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/>

Gebursdagar gjennom 2023-2024



AUGUST

Aleksander: 2 år
Heidi
Kine

SEPTEMBER

Reidun: 1 år
Henrik: 1 år

OKTOBER

Nils: 5 år
Mathias: 1 år
Patty
Claudia
Randi

NOVEMBER

Selma: 1 år
Anette
Maria

DESEMBER

Sofie G: 1 år
Even: 4 år
Olav: 1 år
Bjørg Astrid

JANUAR

Sivert: 4 år
Kari: 4 år
Eskil: 4 år
Yasmin: 2 år
Ølvar: 2 år
Elias: 1 år

FEBRUAR

Claudia: 6 år
Amund: 6 år
Frits: 4 år
Theo: 4 år
Grethe
Liv

MARS

Emil: 3 år

APRIL

Runa: 3 år
Tidemann: 1 år

MAI

Ola: 6 år
Ty Eik: 5 år
Amund V.H: 5 år
Hedvig: 2 år
Marit Pauline: 2 år

JUNI

Sofie B: 2 år
Lene
Oda

JULI

Viljar: 6 år
Eskil

Tradisjonar i barnehagen vår

GEBURSDAG

Den som har gebursdag får krone og song på sjølve dagen, eller så nær dagen som mogleg. Me ordnar istand litt ekstra kos ved fruktmåltidet, og ynskjer ikkje att foreldre lagar kake og liknande.

FØRSKOLETUR MED FREDHEIM

Tradisjon tro så har førskulebarna ein årlig tur til ein lokal serverdigheit i september. Dette er ein tur for å skape samhold og tilknytning til å vere ein del av førskuleklubben.

DEI ULIKE JULETRADISJONANE:

- Juleverkstad
- Adventsstund
- Baking
- Nissefest
- Me ynskjer at desember skal være ein roleg månad med mykje kos og lite stress i barnehagen.

LUCIAFEIRING

Førskulebarna går luciatog i Vang ilag med førskulebarna på Fredheim denne dagen. I barnehagen bakar me luciaboller.

JULEFROKOST

Me inviterer barn og foreldre på frokost i barnehagen ein dag i desember.

SKI-OG AKEDAG

Me kosar oss med skileik, aking og andre snøaktivitetar heile dagen.

PYSJFEST

Me kosar oss ilag med leik og mat. Alle tek på seg pysjen sin, og tek med ein bamse om de har. Kanskje finn me ein pinjata.

BESØK AV PÅSKEHAREN

Ein dag før påske, pleier påskeharen å kome på besøk med noko godt i påskeegget.

MARKERING AV HØGTIDER

Me markerer høgtidene og grunnlovsdagen til Norge samt samefolkets dag.

GARDSBESØK

Me besøker ein gard i nærområdet.

IDRETTS DAG

Ein dag med friidrettsøvingar som høgdehopp, lengdehopp, ballkast og 40 meteren, eller anna aktivitet som er tilpassa barnegruppa.

EIN DAG PÅ HJUL

Barna får ta med seg ein doning på hjul til barnehagen.

AVSLUTNING

På sommaren før skuleferien er det avslutningsfest for førskulebarna, som vert arrangert av foreldregruppa for dette kullet. Her blir det høgtideleg overrekking av barnehageperm før dei byrjar på skulen. Korleis denne festen skal vere, er opp til kvar enkelt foreldregruppe å avgjere. Om alle i barnehagen skal inviterast, eller berre førskulegruppa. Kva mat det skal serverast og kvar det skal vere. Ynskjer foreldregruppa å bruke samfunnsdelen, er dei velkomne til det, men gi då beskjed til styrar i god tid i førevegen, slik romma ikkje blir dobbeltbooket. Personalet er bedt som gjester denne kvelden, og har ikkje ansvar utanom overrekking av barnehageperm.

Mat i barnehagen

Anbefalinger frå Helsedirektoratet for mat og måltid i barnehagen:

- ❖ ***Barnehagen bør leggje til rette for minst 3 faste måltid om dagen, med medbrakt eller servert mat.***

I løpet av barnehagedagen blir det servert felles lunsj med anten brødmåltid eller varmmat i barnehagen, bortsett frå dei dagane me har nistedagar, utedagar eller er på turar. Da blir det forventa at barna har med eigen niste og drikke. Om ettermiddagen blir det servert fruktfat bestående av ulike frukter og eventuelt grønsaker. For dei som ikkje har ete frukost heime, er det moglegheit for å ta med frukosten til barnehagen og ete her. Dei som kjem til barnehagen etter kl. 8.30 bør ha ete heime, dette pga. bemanning og deling av grupper.

- ❖ ***Mat og måltid som blir serverte i barnehagen bør vere varierte og i tråd med kostrådet frå helsedirektoratet: Barnehagen kan bidra til å fremje eit variert og sunt kosthald blant barn ved å servere grønsaker, frukt og bær, grove brød- og kornprodukt, bønner, linser, erter og nøtter, fisk, magert kjøtt, magre meieriprodukt og matoljer og flytande/mjuk margarin. Barnehagen bør avgrensa bruk av raudt kjøtt og bearbeidet kjøttprodukter, salt og sukker.***

Barnehagen forheld seg til kostrådane til Helsedirektoratet og bruker ofte Bra mat i barnehagen som guide. Begge nettstadene finn de i linkane under:

- <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen/anbefalinger-for-mat-og-maltider-i-barnehagen#mat-og-maltider-som-serveres-i-barnehagen-bor-vaere-varierte-og-i-trad-med-helsedirektoratets-kostrad-praktisk-informasjon>.
- <https://www.helsedirektoratet.no/brosjyrer/bra-mat-i-barnehagen-rad-tips-og-oppskrifter>.

- ❖ ***Barnehagen bør servere grønsaker og frukt eller bær kvar dag: Det bør vere eit mål at barna inntek minst tre av «fem om dagen» av grønsaker og frukt eller bær i løpet av barnehagedagen. Halvparten bør vere grønsaker. Sjølv om jus kan inngå som ein av «fem om dagen», bør tilbodet avgrensast.***

Til brødmåltidet blir det servert ulike grønsaker så som agurk, paprika, avokado osv. Når barnehagen lagar varmmat prøver me alltid å servere ulike grønsaker som passar til retten. Om ettermiddagen blir det som tidlegare nemnt servert fruktfat med ulike frukter og eventuelt grønsaker. Barnehagen serverer stort sett berre jus til julefrukosten med føresette i desember.

- ❖ ***Barna bør få tilbod om lett- eller skummet mjølk og vatn til måltida i barnehagen, og vatn bør alltid vere tilgjengeleg: Barnehagen bør ikkje tilby heilmjølk eller bruke heilmjølk i matlaging.***

I barnehagen tilbyr me anten ekstra lett- eller lettmjølkk og vatn til både frukost og lunsj. Til fruktmåltidet serverer me vatn, som og er tilgjengeleg for barna gjennom heile dagen. Barna har eigne koppar/flasker i barnehagen som alltid er tilgjengeleg med vatn.

- ❖ ***Servering av kaker, kjeks, is, saft og liknande bør avgrensast i barnehagen. Godteri, snacks og brus bør unngåast: Dei fleste feiringar og markeringar bør gjennomførast utan servering av søt og feit mat og søt drikke. Enkelte tradisjonar og høgtider har eigen mat og eigne matretter knytt til seg (som luciafeiring, 17. mai osv.). Ved slike høgtider i barnehagen vil det òg vere naturleg å markere dagen med maten som er tilknytta han.***

Barnehagen er oppteken av å avgrensa inntaket av kaker, kjeks, is og saft, og serverer berre dette ved spesielle høve. Servering av dette finst som oftast berre i juletida, påska, 17. mai og kanskje eit par is i løpet av sommaren. Det er ikkje snakk om store mengder, men heller ei peparkake, eit glas saft og ein pinneis noen få gonger i året. Når barnehagen serverer dette, prøver me å finne alternativ med mindre sukker, og avgrensar kor mykje kvart enkelt barn får.

I juletida har me tradisjon med at nissen kjem, og i påska har me tradisjon med påskeegg ein av dei siste dagane. Her vil det kunna finnast SMÅ mengder med godteri. Personalet lèt godteriet leggje i hyllene til barna, slik at de føresette kan ta det med heim, og bestemme når og om det eventuelt skal givast.

- ❖ ***Måltida i barnehagen skal vere ein pedagogisk arena der barna får medverka i mat- og måltidsaktivitetar: Daglige måltider i barnehagen gir gode moglegheit for læring på mange områder som for eksempel språk og samspill med andre.***

Personalet i barnehagen tek aktivt del i måltidet gjennom samspel med barna, sitja saman og dersom mogleg eta saman med barna av fleire årsaker. Måltida har, i tillegg til å skulla gi barna energi og næringsstoff, stor betydning som sosial og kulturell arena. I barnehagekvardagen er måltidet som sosial arena viktig for møtet mellom barn og mellom barn og vaksne. Måltidet gir ei strukturert ramme for samspel, deltaking og dialog, og er viktig for fellesskapet og for å skape trivsel. Personalet er viktige rollemodellar, og barna lærer av kva dei gjer og korleis ein skal omgåast rundt eit bord.

- ❖ ***Barnehagen skal ta omsyn til barn som har særlege behov knytt til mat og måltid: Måltida skal leggjast til rette for barn med særlege behov. Dette inkluderer matallergi, matintoleranse, sjukdom, spisevanskar, barn med nedsett funksjonsevne og andre særlege behov.***

Er det barn i barnehagen som har spesielle behov i forhold til måltidet på grunn av allergiar, intoleransar, sjukdommar, religion eller anna, er det berre å ta kontakt med personalet og me finn løysingar ilag.

Årshjul, barns trivsel:

Tidlig innsats

2023-2024

Januar:

- Halvårsoppsummering
- Årsmelding
- Felles personalmøte: Samarbeid m. HINN
- Utviklingsarbeid
- Planleggingsdag

Februar:

- **1.februar søknadsfrist for å søke barnehageplass**
- Utviklingsarbeid

Desember:

- Utviklingsarbeid

November:

- Medarbeidersamtaler
- Foreldreundersøkelsen
- Utviklingsarbeid
- Planleggingsdag (felles for hele Valdres)

Oktober:

- Foreldresamtaler (friv.)
- Sjekkliste: Handlingsplan for vennskap
- Relasjonskartlegging
- Eigenvurdering og refleksjon
- Utviklingsarbeid
- Dialogseminar
- Rettleiing av nytilsette.

September:

- Foreldremøte i barnehagen
- Felles personalmøte: samarbeid m. HINN
- Fyrstehjelpskurs
- Vernerunde HMS
- Utviklingsarbeid
- Barnesamtaler

August:

- Planleggingsdagar (3 dagar)
Tema:
- Smart oppvekst
 - Aksjonslæring
 - Utviklingsarbeid
 - Organisering
 - Planlegging
 - Ferdigstille årsplan
 - Generelle planar

Juni:

- Evaluering av barnehageåret.
- Evaluering av Utviklingsarbeid
- Overgangsmøte med skule.
- Planleggingsdag
- Utviklingsarbeid

Mars:

- Sjekkliste: Handlingsplan for vennskap.
- Relasjonskartlegging
- Eigenvurdering og refleksjon
- Utviklingsarbeid

April:

- Foreldresamtaler (oliga.)
- Felles foreldremøte (skole og barnehage)
- Utviklingsarbeid

Mai:

- Oppfølging av utviklingsarbeid HINN
- Barnesamtaler
- Utviklingsarbeid

Besøk av helsesøster og PPT i barnehagen kontinuerlig



Foreldresamarbeid

I følge rammeplanen (2017) skal barnehagen legge til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette, både på individnivå og gruppenivå. På individnivå handlar dette til dømes om foreldresamtalar og den daglege kommunikasjonen mellom heim og barnehage. Barnehagen skal leggje til rette for at personalet og føresette kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen må sjå på barnet som eit enkelt individ med ynskjer og behov, men og som eit individ i ei gruppe der det finst ulike ynskjer og behov som må takast vare på. I Høre barnehage er me opptekne av god kommunikasjon mellom heim og barnehage, og ynskjer difor at både føresette og personalet kan ta kontakt, anten via telefon, mail, visma eller i form av eit ekstra møte, viss me føler det er behov for ekstra oppfølging for det enkelte barnet. På gruppenivå har vi foreldreråd og samarbeidsutval. Intensjonen er at desse ordningane skal gje høve til å ivareta føresette sin kontakt og medverknad med barnehagen på ein aktiv måte, og fremje eit barnehagemiljø som varetar barnas behov for omsorg, leik, læring og danning.

Samarbeidsutval:

Samarbeidsutvalet i Høre er samansett av 2 politikare frå krinsen, foreldrerepresentant, vara for foreldrerepresentanten, styrar i barnehagen, tillitsvalt og ein arbeidsplassrepresentant. Samarbeidsutvalet har møte 2 gonger i året, eit i eigen barnehage og eit felles møte for begge barnehagane i Vang. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Dei får inn saker som er viktige for innhaldet i, og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. I august blir årsplanen sendt til godkjenning i samarbeidsutvalet, slik at politikarar og representantane for føresette har moglegheit for å kome med innspel, innan planen vidaresendast til Høvdutvalet for levekår for endeleg godkjenning.

Foreldreråd:

Høre barnehage har i tett dialog/samarbeid med føresette valt å ha foreldreråd ein halv time før kvart foreldremøte. Foreldrerådet blir då ein møtearena for føresette, der dei har moglegheit for å ta opp saker om barnehagedrifta seg imellom, fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø for alle. For å nå dette målet, er det viktig med konstruktive tilbakemeldingar på den pedagogiske verksemda og innspel på føresette sine ynskjer for framtida.

Tilvenning og overgangar

Heim – barnehage, Tommeliten – Askeladden & Barnehage – skule

«Når barnet begynner i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet kan oppleve tilhørighet og trygghet til å leike, utforske og lære.

Slik gjer me:

- Oppstartssamtale med foreldre i forkant av barnehagestart
- Tilbyr besøksdagar for foreldre og barnet før oppstart
- Minimum 3 tilvenningsdagar

Overganger innad i barnehagen: *Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjend med barna og personalet når de bytter barnegruppe/avdeling.*

Slik gjer me:

- Barna blir allereie kjend med andre barn og vaksne i utetida då me har felles uteareal, og dei blir kjend på tvers av avdelingane då me er felles på morgon og ettermiddag.
- Barn som har base på småbarnsavdeling, men som skal flytte over på storbarnsavdeling får moglegheit for å vere med barn og vaksne i leik på stor avdeling og andre pedagogiske opplegg, eller måltid som lunsj og frukt
- I feriar er også småbarn og storbarn felles på ei avdeling



Overgangen mellom barnehage og skole: *Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen. De eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheiter som kan gi dem et godt*

grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner. Barna skal få bli kjend med hva som skjer i skolen og skole- fritidsordningen».

Slik gjer me:

- Dei eldre i barnehagen startar med førskuleklubb det siste året i barnehagen. Det er eit skuleforberedande pedagogisk opplegg som dei har ein gong i veka
- Førskulebarna får tilbod om tilvenning i terapibassenget på VBU som ein del av det å bli kjend på skulen før skulestart
- Førskulebarna arrangerer treff med førskulebarna i Fredheim Barnehage for å bli kjend med dei ein skal gå i klasse med
- Førskulebarna har minimum 4 skulebesøk på våren, og dei er på innskriving på skulen for å helse på rektor og lærar

(Kunnskapsdepartementet, 2017)



Barns medverknad i det pedagogiske arbeid

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen, også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap, uten at barna får meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Medverknad:

Medverknad handlar om at barn har rett til å delta i fellesskapet. Barn skal få moglegheit til å ytre seg og bli oppmoda til å uttrykkje eigne ynskjer, idéer og kjensler. Dei skal få erfare at dei blir lytta til, og at me vaksne tek tankane og meiningane deira på alvor. Barna skal erfare at det dei kunngjer, får innverknad på det livet dei lever. Medråderett og sjølvråderett er ein del av medverknad.

Medråderett:

Medråderett går ut på at barn skal få vere med på å bestemme i saker som gjeld dei sjølv, saman med andre. Det kan til dømes vere kvar dei skal leike, kven dei skal leike med, og kva dei skal leike. Det kan vere at dei saman med dei andre barna er med og bestemmer korleis noko i barnehage skal gjennomførast, til dømes ulike aktivitetar og kvardagsrutinar.

Sjølvråderett:

Sjølvråderett handlar om å ta eigne val og bestemme over seg sjølv. Det er ein individuell prosess og oppleving som har betydning for trivselen og motivasjon i kvardagen for kvar enkelt. Det handlar til dømes om kva klede eller leikar barnet helst vil bruke, eller kva det helst vil eta, og å få bestemme sjølv korleis ei oppgåve eller ein aktivitet skal utførast.

For at barna skal oppleve medråderett og sjølvråderett, er det viktig at me vaksne i barnehagen lytta til dei, sjå dei og anerkjennar at både tankane deira, meiningar og løysingar er like verdifulle som våre eigne. Ved å lytte og prøve å tolke både deira verbale og nonverbale språk, og vere observant i forhold til det dei uttrykkjer i handling, kan me vaksne gi rom for perspektiva og opplevingane til barna. I Høre barnehage jobbar me med barns medverknad i den daglege samtalen, gjennom observasjon både planlagt og spontant, faste barnesamtalar to gonger i året for dei to eldste kulla, og ved å evaluere pedagogiske opplegg i lag med barna.

Progresjonsplan for barnehagen

Rammeplanen for barnehagen inneheld ulike fagområde barnehagen skal arbeide med. Gjennom åra i barnehagen vil barna utvikla seg og ha framgang innanfor dei ulike fagområda. Me skal leggja til rette for framgang ut frå alder og eigenarta til barnet. Planen for framgang kallast for ein progresjonsplan. Under følgjer oversikt over dei ulike fagområda i rammeplanen med progresjonsplan som viser forventna framgang knytt til alder. Barn er ulike, og nokre barn vil utvikla seg annleis enn det som kjem fram av planen. Me vil sjå kvart enkelt barn og leggja til rette for utviklinga deira slik at dei får oppfylt potensialet sitt. Samtidig fokuserer me på tidleg innsats og set inn tiltak for at rammene blir lagde til rette for at barna når sine neste utviklingstrinn.



Personalet skal:

- oppdage, følge opp og utvide det barna alt er opptekne av.
- planleggje og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn.
- bidra til at barna får meistringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter
- leggje til rette for fordjuping, atkjenning og gjentaking i innhaldet og arbeidsmåtene til barnehagen.
- introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar.
- sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna.

Rammeplanen 2017

Kommunikasjon, språk og tekst

Personalet
skal:

- skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre
- synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer
- invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål
- oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme
- støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket
- bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer
- inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar

1-2 år

- Oppleve språkglede i ein til ein situasjonar med ein vaksen og i felleskap med andre barn
- Bable og peike kommunikativt.
- Kunne namngje og forstå vanlege kvardagsord og namn.
- Uttrykkje 1-2 ordssetningar.
- Vise interesse for bøker

3-4 år

- Bli kjend med forbokstaven i namnet sitt «bokstaven sin!»
- Uttrykkje seg forståeleg og kunne ytre egne meningar og setje ord på egne følelsar verbalt
- Vise interesse for bøker og kunne gjengi kjende rim, songar og reglar.
- Delta i gruppesamtalar og meistre turtaking. Bli lytta til, og lytte til andre.

5-6 år

- Kunne skrive sitt eget namn
- Byrjande interesse for leike-lesing og leike-skriving
- Meistre kvardagsspråk med småord og bøyningar.
- Forstå kollektive beskjedar
- Kunne bruke språket i leikesituasjonar og forstå egne og andres kjensleuttrykk i konflikhtar
- Byrjande kopling mellom bokstav og lyden til bokstaven

Kropp, rørsle, mat og helse

Personalet
skal:

- vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring.
- bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile.
- gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet.
- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser.
- leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna.
- kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn.

1-2 år

- Vidareutvikle motoriske ferdigheitar ved å oppleve naturleg og variert underlag og leikemiljø i barnehagen
- Bli kjent med eigen kropp og kva kroppen kan få til
- Lære å gå sjølv, delta meir og meir sjølvstendig i påkledningssituasjonar
- Vidareutvikle finmotorisk trening i måltid, eta sjølv, smøre sjølv, bruke bestikk og drikke av kopp
- Oppleve varierte sanseintrykk i naturen.

3-4 år

- Vere sjølvstendige på do og i av/ påkledning.
- Meistre gode rutinar for hygiene.
- Oppleve glede og meistring i grunnleggjande motoriske aktivitetar inne og ute.
- Bli kjend med eit heilskapleg kosthald og ta aktiv del i tilberedning av maten.
- Ha kunnskap om seg sjølv og bli kjend med eige behov.

5-6 år

- Meistre overgangar frå ein situasjon til ein annan, og tek imot enkle ansvarsoppgåver.
- Vere sjølvstendig på sykkel og på huska.
- Ha kunnskap om kroppen og behova til kroppen.
- Kunne settje grensar for eigen kropp og forstå andres sine grensar. Oppleve eit positivt sjølvbilete.
- Ha kunnskap om kvar maten kjem ifrå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.

Kunst, kultur og kreativitet

Personalet skal:

- samtale med barna om deira egne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk
- gi rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur
- vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur
- vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda
- motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer • synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og uteromma i barnehagen
- gi barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunstog kulturuttrykk frå fortid og samtid
- bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa

1-2 år

- Bruke varierte formingsmateriell til å måle, klyppe, lime, teikne og forme
- Bli kjend med primærfargane
- Meistre ulike instrument, og ta del i enkle songar
- Bli kjend med ulike sanseintrykk

3-4 år

- Bli kjend med dei ulike fargane og korleis ein kombinerar dei for å lage nye fargar
- Oppleve lokal kultur gjennom teater/ musikkbarnehagen
- Nytte saks, kniv, lim og andre reiskapar for å framstille kunst
- Spele enkle instrument.
- Lære å bruke kniv til å spikke og lage kunst av materiala fra naturen
- Ha kunnskap om ulike kulturelle uttrykk.

5-6 år

- Ha kunnskap om fargeendring i naturen og forstå kvifor eks. lauva går frå grøn til gul, til raud og brun
- Bruke ulike materialar, teknikkar og verktøy for å uttrykkje seg estetisk
- Delta i kunst og kulturopplevingar saman med andre
- Bruke musikk, dans og rytme til å bli kjend med kjenslene det gir i kroppen

Natur, miljø og teknologi

Personalet skal:

- leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd
- synleggjere naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen
- utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna

1-2 år

- Finne glede i å vere ute i naturen.
- Meistre både rørsle og kvile på tur
- Få kjennskap til og erfare ulike vêrfenomen
- Meistre korte turar i nærmiljøet
- Bli kjend med dei ulike årstidane.
- Meistre ulike teknikkar så som bruk av glidelås og balansesykkel.

3-4 år

- Kunne ulike naturfenomen og bruke riktig namn for dei
- Meistre enkle eksperiment med fysikk og kjemi
- Meistre gradvis lengre turar i nærmiljøet
- Ha noko kunnskap om det ein kan hausta i naturen.

5-6 år

- Ha kunnskap om kva klede ein treng i forhold til dei 4 årstidane.
- Kunne nytte teknologi i møte med naturen, bruke nettbrett og telefon til å fotografere og hente informasjon
- Vere meir uthaldande på lengre turar i nærmiljøet.
- Ta vare på naturen og ha kunnskap om gjenvinning og kjeldesortering.

Mengde, rom og form

Personalet skal:

- bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen
- bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk
- gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkgleda og interessa for matematiske samanhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna
- leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i leik og kvardag
- stimulere og støtte barnas evne til problemløysing og hjelpe dei til å vere uthaldande

1-2 år

- Bli kjend med tal, mønster, formar og symbol
- Oppleve eit allsidig leikemiljø og utvikle romkjensla
- Få ei byrjande forståing for ulike omgrep så som lik- ulik, stor- liten osv.
- Ha kjennskap til enkle songar og eventyr med takt, rørsle og gjentaking.
- Kunne telja til 3

3-4 år

- Byrjande forståing for talsymbol
- Leike konstruksjonsleik inne og ute, spele brettspel og erfare plasseringar.
- Kunne beskrive formar og mønster
- Ha erfaring med ulike storleikar, mengder, rekkjefølgjer, avstandar og tempo
- Veging og måling i matlaging og i leik
- Tellereglar, turtaking, venta på tur og klare enkle spelereglar.
- Kunne telja til 10

5-6 år

- Kunne bruke ulike matematiske- og grunnleggjande omgrep.
- Kunne telja til 20
- Kunne fylgje ei oppskrift i matlaging saman med ein vaksen
- Jobbe sjølvstendig med Trampoline etter å ha fått rettleiing frå personalet.

Etikk, religion og filosofi – Smart oppvekst

Personalet skal:

- formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema
- utforske og undre seg over eksistensielle, etiske, religiøse, livssynsmessige og filosofiske spørsmål saman med barna
- bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrse
- gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eiga deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna
- identifisere verdikonfliktar i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha eit bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna

1-2 år

- Få byrjande kjennskap til egne kjensler
- Delta i markering av høgtider og tradisjonar frå ulike kulturar
- Øve på å dele, inkludere, tilgje, takke og støtte andre
- Ha kjennskap til nokre få eigenskapar frå Smart Oppvekst

3-4 år

- Ha kjennskap til ulike tradisjonar
- Kunne setje ord på egne kjensler, og ha ei byrjande forståing for andres perspektiv.
- Ha ein byrjande forståing for korleis løyse konflikhtar på ein konstruktiv måte.
- Ha byrjande innsikt i at ulike menneske kan ha ulike perspektiv
- Ha ein byrjande forståing for kva Smart Oppvekst er

5-6 år

- Forstå bakgrunnen for ulike høgtider
- Møte ulike menneske med respekt, og vise toleranse når det gjeld forskjellar og andres meiningar
- Kunne uttrykkje egne meiningar og vise akseptable kjensleuttrykk.
- Bruke eigenskapar frå Smart Oppvekst i dagleg tale.

Nærmiljø og samfunn

Personalet skal:

- sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre
- introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrslø og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt
- gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme
- gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng
- gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar
- gi barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen

1-2 år

- Delta i felleskapet i barnehagen- få oppleve at dei er viktige for felleskapet og felleskapet viktige for dei.
- Ha kjennskap til barnehageområdet og nærmiljøet.
- Byrje å setje ord på egne opplevingar og kjensler med hjelp frå vaksne som beskriv det dei ser.
- Erfare å kunne medverke på egne premissar og etter utviklingsnivå.

3-4 år

- Kunne inkludere andre i leiken og utvikle vennskap.
- Vere kjend på barnehageområdet og i nærmiljøet.
- Få byrjande forståing for trafikk og trafikkreglar.
- Kunne medverke i planlegginga og evalueringa av barnehagekvardagen.

5-6 år

- Ha kunnskap om lokalhistorie og kunne delta i kulturelle arrangement
- Få byrjande innsikt i barnekonvensjonen og utforske rolla si som samfunnsborgar.
- Ta større del i planlegginga og evalueringa av barnehagekvardagen
- Ha kjennskap til VBU og delta i skuleforberedande aktivitetar.

Omsorg, leik, læring og danning

Omsorg:

Barns trivsel og læring er prisdelt følelsen av trygghet. Difor kjem omsorg alltid i fyste rekke. For å få trygge barn, er me avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gjev barna den omsorg dei har behov for.

Kvardagen i barnehagen skal vere prega av omsorg, der personalet er oppmerksame og opne for det unike hjå kvart barn, i situasjonen og i gruppa. Omsorga kjem til uttrykk i alle situasjonar i løpet av dagen og er ei viktig forutsetning for barns utvikling og læring. Når ein veit kvar ein kan finne eit fang for trøyst og trygghet, er det også lettare å ta sjansar, kaste seg inn i leiken og gjere nye erobringar.

Leik:

Leik er den viktigaste aktiviteten for barnas utvikling og læring. I gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheitar. Ved å inngå i eit leikefellesskap dreg barna nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspel med kvarandre og med dei vaksne skapast eit godt miljø for glede, læring og utvikling. Leiken er og viktig for utvikling av sjølvbilette og sjølvfølelse. Grunnlaget for sosial kompetanse dannast og i leiken. Her lære barna å forhalde seg til andre gjennom sosiale kodar. For å oppnå god leik og læring, spelar personalet ein avgjerande rolle. Det er dei vaksne sitt ansvar å sjå til at alle trives i leiken og får delta ut i frå sine forutsetningar. Det er viktig for å sikre at alle barn får moglegheit til å utvikle seg i leik og etablere vennskap.

Læring:

Barnehagen skal gje barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og ferdigheitar. (Barnehagelova § 2)

Gjennom deltakelse og undring i fellesskap, sikrar me at barna utviklar gode læringsstrategiar. Gjennom at barnet får teste ut eigne teoriar og hypoteser utviklar det evne til å undre seg og til å søkje meir kunnskap. Med dette lære barna i læringsprosessar. Dette er viktige strategiar når barn skal ta til seg ny kunnskap både i barnehagen, på skulen og vidare i livet.

Danning:

I eit fellesskap med andre utviklar barn sin identitet og sin sjølvstendigheit. Barnet haustar erfaringar gjennom kva det gjer, kva attendemeldingar det får av andre og kva det opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individer med tankar, følelsar og intensjonar, og støtte barnas forsøk på å skape meining i den verda dei er ein del av. Danning skjer i nære relasjonar til andre og på ulike arenaer gjennom heile livet. Danning bygger på erfaringar. Erfaringane omhandlar alt kva eit menneske aktivt gjer og opplever.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planlegging:

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.»

Planlegginga tek utgangspunkt i barnehagen sitt overordna mål, rammeplan og lov for barnehagar. Vidare baserer planlegginga på kunnskap om barn si utvikling og læring, både individuelt og i gruppe. Me nyttar observasjon, dokumentasjon, refleksjon og systematisk vurdering, samt samtaler med barn og føresette. Høre barnehage har utarbeida ein årsplan som beskriv fokusområde, mål, kva rammeplanen seier og korleis me har tenkt å gjennomføre det. Planen er eit viktig arbeidsreiskap for personalet, samtidig som det er nyttig informasjon til foreldra.

Med utgangspunkt i årsplanen utarbeidar personalet månadsbrev og planar, desse finn de i kalenderfunksjonen, månedsevaluering og dagpost innlegg i Visma barnehage (Sjå eigen informasjon om Visma barnehage over). Føresette har her moglegheit til å delta aktivt i planlegginga av barnehagen sitt innhald. Barna deltek og i planleggingsarbeidet, mellom anna ved å kome med direkte innspel på kva dei likar, og ved å uttrykkje seg på andre måtar. Me nyttar i tillegg organiserte barnesamtaler, for å få fram barna sine ynskjer i kvardagen. Barnehagen har i alt 6 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret, som nyttes til kompetanseheving, planlegging, organisering og evaluering av det pedagogiske arbeidet.

Dokumentasjon:

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.»

Barnehagen brukar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring. Eit etisk perspektiv leggjast til grunn ved dokumentasjon av barna sin leik, læring og arbeid. Dokumentasjon knytt til enkeltbarn kan berre skje i samarbeid og forståing med barna sine foreldre/føresette. Slik dokumentasjon er underlagt teieplikt. Me dokumenterer alt av barnehagen sitt arbeid I 1310.no. Det er *“et system som hjelper skoleeiere å oppfylle kravet til et forsvarlig system (Opplæringsloven §13-10). I tillegg bidrar løsningsen til å gjøre enhetslederens og kommuneledelsens arbeid med dette enklere og mer oversiktlig.»*

Vurdering:

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.»

Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Barnehagen som organisasjon bær på tradisjonar, samansett kompetanse, innforståthet og taus kunnskap. Dette er det er viktig å setje ord på og reflektere over for vidare kvalitetsutvikling.

I Høre barnehage ynskjer me å vurdere arbeidet på ein planlagt, systematisk og open måte.

Barna sitt utbytte av barnehagetilbodet vert vurdert gjennom kontaktskjema, barnesamtaler, observasjon og dagleg informasjon som utgangspunkt for samtale heime med føresette.

Personalet sin arbeidssituasjon vert vurdert ved kontinuerlig rettleiing, personalsamtaler, medarbeidersamtaler og vurderingsskjema. Avdelingsmøter, personalmøter og planleggingsdagar er viktige ledd i utviklingsarbeidet. Me jobbar heile tida med å skape samt oppretthalde eit godt arbeidsmiljø. Me sett difor av tid til eigne personaltema, der me mellom anna tek opp korleis me har det. Me har også sosiale treff utanom arbeidstid for å skape samhald.

Me prioriterer å ha høg kvalitet på hente – og leveringssituasjonane. Me ynskjer samarbeid og god kommunikasjon. To gonger i året innkallast foreldra til samtale i barnehagen, den eine frivillig mens den andre er obligatorisk. Her går me gjennom foreldresamtalskjema og eventuelt ALLE MED og TRAS, og bruker desse som rettleiing for det vidare arbeidet med kvart enkelt barn. Me ynskjer at foreldresamtalene skal vere styrkebaserte. Me har i tillegg eit foreldremøte kvart semester. Her vert det gjeve informasjon, og det er anledning til å stille spørsmål og kome med idear, innspel og vurdering av arbeidet vårt.



Våre samarbeidspartnarar i barnehagen

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Nord-Aurdal kommune er vertskommune for PP-tenestene for Valdres.

Tenestene dekker alle seks Valdreskommunane og er lokalisert Familiens hus på Fagernes. Pedagogisk Psykologisk teneste (PPtenestene) er en rådgivande og sakkyndig instans når det gjelder utvikling, læring og trivsel for barn under skolepliktig alder og elever i grunnskolen. PP- tenestene dekker aldersgruppa 0 – 16 år, og vaksne med behov for spesialundervisning på grunnskolenivå.. Arbeidet til PP- tenestene er hjemlet i opplæringsloven og barnehageloven. PPtenestene er en faglig ressurs for barnehagar/ skuler knytt til barn med særskilte behov. PP–tenestene for Valdres har også interkommunal logopedteneste som dekker alle kommunane i Valdres.

PP-Tenestenes oppgaver

- Er kommunens sakkyndige instans når det gjelder å vurdere behov for spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp, tidlegare skulestart eller utsatt skulestart, fritak frå opplæringsplikten, teiknspråkopplæring før opplæringspliktig alder og i grunnskolen, behov for alternativ og supplerande kommunikasjon
- Kan blant anna gi barnehagar og skuler råd og veiledning om pedagogisk leing av gruppe- og læringsmiljø
- Skal bistå skuler med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn med særskilte behov.

PP-tenestene utreda og gir råd og veiledning om barn, unge og vaksne som har utfordringar som kan få konsekvensar for læring. Eksemplar på utfordringar er: språk- og talevanskar, generelle lærevanskar eller fagvanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar, konsentrasjonsvanskar, åtferdsvanskar og syn- og hørselsvanskar.

Kven kan ta kontakt

- Elever over 15 år, føresette, barnehagar, skuler og eventuelt andre instansar kan kontakte og søke råd hos PP-tenestene. Om det er bekymringar rundt et barns utvikling eller læring, kan dette drøftast anonymt med PP-tenestene før det blir en formell sak i form av en henvisning.
-

Barneverntenesta i Vang og Vestre Slidre kommune

Barneverntenesta i Vang og Vestre Slidre er samlokalisert med kontor i Vestre Slidre kommune. Kommunen ved barneverntenesta har eit lovpålagt ansvar etter barnevernlova å drive eit generelt forbyggjande arbeid i forhold til barn og unge. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Funksjon

Barn skal bu heime så sant det er mogleg. Når forholda i heimen tilseier det, eller når barnet av andre grunnar har særleg behov for det, kan barneverntenesta setje i verk hjelpetiltak for å betre barnet sin situasjon. I slike tilfelle legg ein vekt på å finne årsaker til vanskane og løysingar saman med foreldre og barn. Hensynet til barnets beste skal vere avgjerande for kva hjelpetiltak som vert sette i verk.

Vedtak

Det vert fatta eit vedtak der det går fram kva tenesta/hjelpetiltaket omfattar. Vedtaket kan påklagast med klagefrist på 3 veker. Klaga sendast til barneverntenesta som vurderer om vedtaket skal endrast. Om vedtaket ikkje blir endra vert klaga sendt til Fylkesmannen for klagebehandling.

Målgruppe

Barneverntenesta skal hjelpe barn frå 0 – 18 år. I spesielle høve kan tiltak som er iverksett før fylte 18 år oppretthaldast eller erstattas av andre tiltak inntil 23 år.

Saksgang

Innkomne meldingar skal gjennomgåast og vurderast snarast innan ei veke. Ei eventuell undersøking skal gjennomførast snarast og seinast innan 3 månader. I særskilte tilfelle kan fristen for undersøking verte forlenga til 6 månader.

Liste over det aktuelle som barneverntenesta kan sette i verk:

- støttekontakt
- avlastning
- leksehjelp
- åtferdsvanskar
- heimekonsulent
- grensesetting
- barnehageplass
- råd og rettleiing til foreldre, barn og unge
- økonomisk hjelp

Samarbeid

For å kunne sikre barn, unge og foreldre ei god teneste er barneverntenesta avhengig av å kunne ha eit tverrfagleg samarbeid med barnehage, helsestasjon, skule, PPT osv. Dersom det er naudsynt hjelper barneverntenesta til med å ta kontakt med andre hjelpeinstansar både innafør det kommunale hjelpeapparatet og spesialisttenesta.

Barneverntenesta har som ei viktig målsetting å få til eit best mogleg samarbeid med barn, unge, foreldre, barnehage, skule, helsestasjon og det øvrige hjelpeapparatet.

BUP Valdres

BUP Valdres gir utrednings- og behandlingstilbud til barn og unge i alderen 0-18 år, hvor det er påvist eller er mistanke om psykiske lidelser. Har kommunene Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Øystre Slidre, Vestre Slidre og Vang som opptaksområde. Tilbudet er frivillig.

Innsatsteam

I tillegg til desse instansane har Vang Kommune eige innsatsteam som er eit lågterskeltilbod for familiar som ventar barn og/eller har barn og ungdom i alderen 0-18 år. Målet med insatsteamet er å gi foreldre og kommunen sine instanser høve til å drøfte situasjonen for eit barn, og sikre tidleg og riktig tiltak for barn, unge og deira familiar. Innsatsteamet er eit tverrfagleg samansett team med faste deltakarar frå ulike fagområde, med ulik kunnskap og erfaring.

Innsatsteamet består av representant frå:

- Kommunepsykolog
- Helsestasjon/ skulehelsetenesta
- Fastlege
- Psykisk helseteneste
- Skule
- Barnehage
- Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
- Barnevernstenesten
- BUP
- Ved behov kallast andre samarbeidsinstansar inn.



Ferie og planleggingsdagar

Ferie:

Me viser til «Vedtekter for barnehagane i Vang»;

Alle barn skal minimum ha 4 veker ferie pr. barnehageår. Av desse skal minst tre veker leggjast til perioden 1.mai til 20. august.

Plassering av den tredje ferieveke på sommaren må meldast skrifteleg til barnehagen på Visma innan 1. mai.

Raude dagar gjeld ikkje som feriedag for barna. (Dette gjeld «inneklemd» dagar, som for eksempel Kr. himmelfartsdag).

Planleggingsdagane kan bli rekna som barna si fjerde ferieveke.

Det er felles sommarbarnehage på Fredheim i juli (veke 27+28). Dette gjeld for alle barnehagebarn i Vang, med kjent personale. Begge barnehagane er stengd i veke 29+30. Dette året skal me sjå på alternative løysingar for Sommerbarnehagen i Fredheim (veke 27 & 28), for å sjå om det er moglegheit for å ha ope i begge barnehagane, men med redusert opningstid på 7,5 time i Høre. Føresette vil bli inkludert i dette arbeidet.

Planleggingsdagar:

Det er 6 planleggingsdagar for barnehagane i Vang. Det er 3 planleggingsdagar i august, ein i november, ein i starten av januar og ein planleggingsdag i juni.

«Vedtekter for barnehagane i vang»

<https://www.vang.kommune.no/tenester/utdanning-og-kultur/utdanning/barnehage/>

«Skulerute 2023-2024»

<https://www.vang.kommune.no/tenester/utdanning-og-kultur/utdanning/barnehage/skulerute-2023-24/>

Retningslinjer ved sykdom

SYKDOM	INKUBASJONSTID	HEIME FRÅ BARNEHAGEN	TILBAKE TIL BARNEHAGEN
Augekatarr	1-2 døgn (bakterier) 5-14 dagar (virus)	Berre ved alvorleg grad med mykje puss	Dagen etter behandlingsstart
Forkjøling	2-4 dagar	Ved nedsett allmenntilstand	Ved grei allmenntilstand
Noro-virus-infeksjon/ omgangssjuka	12-48 timar	Ja	48 timer etter symptomfrihet
Influenza liknande sjukdom	2 dagar	Ved nedsatt allmenntilstand	Ved grei allmenntilstand
Øyrebetennelse	1-3 dagar	Ved nedsett allmenntilstand	Ved grei allmenntilstand
Brennkoppar	4-10 dagar	Væskande sår	Tørre/kontrollerte sår
Vasskoppar	2-3 vekar	Ja	Når utslettet tørkar inn
Meslingar	10-14 dagar	Ja	Tidlegast 4 dagar etter debut av utslett
Raude hundar	2-3 vekar	Ja	Tidlegast 5 dagar etter debut av utslett
Hovudlus	Ingen	Nei	
Barnemark	1-3 vekar (varierer veldig)	Ja	Etter igangsett behandling
Ringorm	1-2 vekar	Ja	Dagen etter behandlingsstart
Kikhoste	7-10 dagar	Ja	5 dagar etter igangsett behandling
EHEC	3-4 dagar	Ja	Etter 5 negative avføringsprøvar
Kusma	2-3 vekar	Ja	9 dagar etter at hevelsen startar
Skabb	2-6 vekar	Ja	Dagen etter behandlingsstart
Meningokokksjukdom	3-4 dagar	Ja	Når sjukdommen er over
Kyssejuka	4-6 vekar	Ja	Ved grei allmenntilstand

Praktisk informasjon

Visma barnehage: Barnehagen forventar at føresette fylgjer med på kalenderfunksjonen, beskjeder, dagbok innlegg og registrerar fråvær i Visma barnehage.

Parkering: Føresette kan parkera på asfaltplassen føre barnehagen ved levering og henting, så lenge barna ikkje leikar på øvresida. Då vil porten mot vegen vere stengd, og de må bruke busshaldeplassen, parkeringa kvar tilsetja parkerer eller føre porten. Hugs å slå av motoren! Dette er viktig i forhold til både tryggleik og miljøet.

For sein henting: Ved for sein henting blir det kravd eit gebyr på 100,- kr pr. på begynt kvarter. Særskild misbruk av hentetida fører til bot. Ein får fyrst ein munnleg åtvaring frå barnehagen, i neste omgang ei bot på 500,- kr. Særleg misbruk av hentetid er over 4 gongar per år.

Kjøp av ekstra dag: Det er høve til å kjøpe enkeltdagar, dersom barnet har deltidsplass. Barnehagane vurderer i kvart tilfelle om dei har kapasitet. Dette gjeld i utgangspunktet berre dei barna som går i barnehagen. Per dags dato er prisen 438,- pr. dag.

Påkledning: Det blir forventa at barna kjem påkledd etter vêr og forhold når ein skal vere ute. Ved solskinsdagar skal barnet vere smurt med solkrem ved levering. Barnehagen har eigen solkrem og smør ved behov utover dagen.

Klær og utstyr: Barnet vil ha behov for gode og varme klede og nok skift til å vere ute ein heil dag uansett vêr. For utfyllande liste over kva som trengst, sjå eget skriv: «Klede i barnehagen» på visma. Sidan barnehagen ikkje har molegheit for å tørke våte utekler, blir det forventa at føresette tek det med heim og tørkar/ vaskar ved behov, slik at barnet har tørre, reine klede kvar dag. NB! hugs at alt av klede og utstyr må merkast med namnet til barnet, og at det er foresattes ansvar å halde orden i hyller!

Sosial medier/ bilder: Dersom det blir teke bilete på arrangement i barnehagen er det ikkje lov til å dele dette i sosiale medium. Dette er for å verne om kvart enkelt barn.

Dugnad: Barnehagen arrangerer i ny og ne dugnader, for å oppgradere opphaldsplassar utanfor barnehageområdet, så som gapahuken. Me oppmoda føresette til å delta på desse, då dette er med å gagne barnet ditt.

Levering: Me ynskjer at alle barn er på plass i barnehagen seinast kl. 9.15, då me startar med pedagogiske opplegg kl. 9.30. Har de legetime eller anna gi beskjed til personalet.